Evig liv – men ikkje heilt fredeleg

Frode Storaas

Vi visste ho var dårleg til beins, men at Teshemmin hadde vore så plaga, kom som ei overrasking. Det venstre kneet hennar var sterkt øydelagt. Knefestet til leggbeina var ute av posisjon, det same var kneskåla. Og så er det tydeleg at ho har prøvd å gå med dette, slitasje viste det. Ho må ha hatt store smerter. Det var på høg tid ho kom seg til skikkeleg røntgenundersøking.

CT-skan av hovudet til kvinna Teshemmin. Alle foto: Kari K. Kristoffersen

Skanninga avslørte dessutan at ho var eldre enn vi hadde trudd. Teshemmin var rett og slett ei gamal, krokrygga, halt kvinne då ho døydde. Men ho må ha vore ei respektert kvinne, sidan ho blei balsamert etter alle kunstens reglar. Til og med ei fin maske var ho gravlagd med. Skaden i ansiktet, som vi før trudde var frå eit rotteangrep, er resultat av at maska er fjerna på ein brutal måte. Maska må tydelegvis ha vore verdfull. Teshemmin betyr dotter av guden Min, på kista kan vi lesa at far hennar var Petemehit, han guden Mehyt har gitt, og at mor hennar var Peshrinetri, som rett og slett betyr at herren hennar er guddomleg.

Dette var nok tempelfolk. Kanskje var faren prest i eit tempel? I så tilfelle kan livet til Teshemmin ha vore godt lenge, før ho blei plaga med dårlege kne. Templa var sentralar for redistribusjon av gods og mat. Bøndene leverte skattane sine i form av matvarer, handverkarane betalte sine skattar med produkt dei laga. Templa fekk slik varer dei kunne betala presteskapet sitt med, og dei mange arbeidsfolka dei hadde

Frå venstre egyptolog Pål Steiner, overlege radiolog Per Kristoffersen, konservator Soraya J. Rodrigues, til høgre radiograf Trond Bergesen

i teneste. I tillegg samla dei rikeleg mat til dei mange tempelfestane dei hadde. Alle kom, åt og drakk, lytta til song og musikk, og nytte opplevinga av lettkledde dansarar. Oppmøtet på slike festar demonstrerte tilhengarskaren eit tempel hadde, og slik kva makt presteskapet der kunne mobilisera. Store festar markerte politisk makt. Den årlege flaumen i Nilen tok med seg silt frå lengre sør i Afrika, silt som la seg som gjødsel over elvebankane og gjorde sitt til at det blei eit rikt jordbruk. Og det var ikkje meir folk enn at bøndene produserte eit godt overskot som kunne fø spesialistar av ulike slag som handverkarar, tempelbyggjarar, skrivarar, balsamerarar og eit presteskap som styrte det heile. Prestane sørgde for gudane og for folket, koordinerte irrigasjonen av elvebankane, ordna med rettferdig skatteinnkreving og passa på lov og orden.

Vi hadde trua på nye oppdagingar då vi bestemte oss for å kontakta Haukeland Universitetssjukehus for å få ein avtale om CT-skanning av dei egyptiske mumiane vi hadde på Bergen Museum. Røntgenbilete frå 1976 fortalte oss ein del, men vi visste at nyare teknologi kanskje kunne avdekka endå meir. Men er det viktig kunnskap? Er det verdt å bruka tid og pengar på eit slikt prosjekt? Vil mumiane våre medføra at folk måtte venta lenger enn nødvendig i køen for CT-skanning? Dette var sjølvsagt spørsmål vi vurderte. Universitetssjukehuset var positivt innstilt til å støtta forskarkollegaer på UiB. Og røntgenavdelinga sa at slikt arbeid ikkje skulle gå ut over arbeidet elles på avdelinga.

Det er vel 200 år sidan opninga av graver i Egypt tok av. Så mange mumiar var på markedet ei tid på 1800-talet at dei blei brukte til å fyra dampkjelane på tog i USA. Gravskjending og skammeleg, vil

Mumiane blei flytta til Haukeland Universitetssjukehus med klimaregulert transport.

vi seia i dag om mykje av det som gjekk føre seg då graver blei opna. Men det er eit faktum at undersøkingane av mumiane førte med seg verdifull informasjon til medisinsk forsking. No er det slik at vi ikkje alltid veit kva nytte vi kan få av såkalla grunnforsking, forsking som i utgangspunktet er motivert ut frå nysgjerrigheit og ikkje direkte nytte. Fredrik Barth, vår internasjonale antropolog, argumenterer for at grunnforsking nødvendigvis er den best anvende forskinga, sidan grunnforsking legg ut eit breitt teppe, medan anvendt forsking er smale prosjekt styrt mot nytte, og derfor ofte kan bomma heilt. Vi trur nok ikkje at vår CT-skanning skal føra til oppdagingar som kan medføra medisinske framsteg. Sjølv om vi enno ikkje kan vita sikkert om det. Vår drivkraft i dette prosjektet har først og fremst vore å få mest mogleg kunnskap om dei mumiane vi har i samlinga vår. Vi vil at publikum som kjem til museet og publikum som er innom nettsidene våre, skal vita at vi arbeider for å gi dei så mykje informasjon vi kan om det vi veit om samlingane våre. Spesielt med dette prosjektet, var at media var så interesserte. Publikum kunne følgja med i prosessen, ikkje berre med sjølve skanninga, men òg med dei ulike funna vi gjorde i tida rett etter skanninga. Og interessa var stor, både frå media og publikum.

Sjølve flyttinga av mumiane frå museet til Haukeland og tilbake var ein omstendeleg prosess. Takka vera grundig planlegging og førebuing leia av teknisk konservator Joanne Leigh Willey, gjekk transporten føre seg så sikkert og trygt som tenkjeleg var. For å unngå temperatursvingingar, leigde vi spesialtransport. Den lastebilen var så stor at vi ikkje kom til andre stader enn ved akuttmottaket på sjukehuset. Der venta legar og andre frå røntgenavdelinga. Alt gjekk etter planen, med eitt unntak. Vi var ikkje budde på den store medieinteressa. Det såg noko merkjeleg ut då vi trilla tildekte mumifiserte kroppar i vanlege senger gjennom akutten og sjukehuskorridorane med tre TV-team, radio-reportarar og andre journalistar entusiastisk på slep. På røntgenavdelinga er det ikkje så stor plass, men personalet der viste storsinn og organiserte seansen med skanninga slik at alle kunne få med seg gjennomlysinga steg for steg.

I tillegg til Teshemmin vart òg ein namnlaus mumie skanna. Han var ein heller ung kar. Kanskje hadde han vore soldat i hæren til Tut Ankh Amon? I alle fall er han samtidig med den kjende faraoen. Vi hadde tidlegare meint å ha funne dødsårsaka hans i det vi trudde var kraniebrot. Noko av det første vi oppdaga, var at knekken i hovudet som vi såg på røntgenbiletet, ikkje

var i skallen hans, men i ei hette han hadde på hovudet. Hetta var kanskje ein slags hjelm, lagd tett på hovudet, kanskje av hard leire. Dødsårsaka er framleis eit mysterium, men vi har sett ein på saka, ein arkeolog i Florida, som har spesialisert seg på å finna dødsårsak til mumiar. Publikum kan med andre ord venta fleire nye funn frå Egypt-samlinga vi har i Bergen. Rundt skjermen til CT-skanneapparatet kom det stadig forskrekkande tilrop. Etter kvart som apparatet avdekte nye lag under balsamerte klede, kom menneska meir og meir tydeleg fram. Mumiane såg meir og meir ut som dei menneska dei ein gong var som levande. Han blei forskrekka og rista på hovudet, overlege Per Kristoffersen, då han oppdaga kor skrøpelege knea til Teshemmin var.

- Uff då, det må ha vore vondt å gå med. Ho må ha hatt store smerter, sa han medfølande.

Egypt-utstillinga *Evig liv* på Bergen Museum handlar mest om døden og det evige livet menneska var opptekne av i oldtidas Egypt. Evig liv har dei fått, og det var målet deira då dei levde. Dei satsa på eit liv etter døden, eit liv som skulle vera likt det livet dei hadde som levande. Dei rekna nok ikkje med å hamna på museum. Men det er realiteten for mange av dei, for det er mange utstillingar med egyptisk materiale rundt omkring. "Send dei tilbake til Egypt", var det ein som skreiv til oss etter at media hadde fortalt om shabtiane som flytta på seg inne montrane på Bergen Museum. I brevet var det lagt inn to hundre kroner til frakt. Repatriering, eller tilbakesending, er eit aktuelt tema ved alle museum. British Museum har stort press på seg, spesielt frå greske museumsinteresser, om å senda tilbake gjenstandar. Til Bergen Museum er det helst ulike kyrkjer som melder interesse om å få tilbake altertavler og anna som høyrde gamlekyrkja til. Ein gong hadde vi besøk av museumsstyraren frå nasjonalmuseet på Vanuatu, ei øygruppe i Stillehavet. Han oppdaga eit spesielt spyd i den etnografiske samlinga vår, eit spyd der mothakene var laga av menneskebein. Spydet var frå Vanuatu, men han hadde ikkje eit slikt spyd i samlinga si på hans museum. Henning Siverts, konservatoren for samlinga då, fekk ordna det slik at spydet blei repatriert, og det er no stilt ut på nasjonalmuseet i Port Vila, hovudstaden på Vanuatu. I medieoppslag om den såkalla Schøyen-samlinga for eit par år sidan, blei det påstått at verdfulle skrifter og gjenstandar var komne til Noreg på vis det ikkje kunne snakkast høgt om. Martin Schøyen er ein norsk, privat samlar av manuskript og andre museumsverdig materiale. Han har nok redda mykje verdfullt frå å ha forsvunne eller blitt øydelagt av vanstell og av Taliban, slik han hevda, men det er reist spørsmål om noko av samlinga er kome til Noreg via uærlege hender. Då dette temaet var oppe, blei vi kontakta om egyptsamlinga vår. Delar av samlinga kom til Bergen Museum så tidleg som i 1828, saman med Teshemmin. Resten er registrert i 1902 og 1903. Den egyptiske ambassaden meinte at samlinga vår hadde vore hos oss så lenge at ho kunne bli.

Eit stort mediekorps fekk førstehands innblikk i CT-skanninga og i tolkinga av bileta.

Styresmaktene i Egypt er medvitne om reklamen dei mange egyptutstillingane rundt omkring i verda er for Egypt. Spreiinga av gjenstandane ut av Egypt er ei avgjerande årsak til den store interessa oldtidas Egypt har. Og utstillingane er den beste brosjyren for reiser til Egypt, til dei fantastiske monumenta i Giza og andre stader langs Nilen og til Kairo Museum. Museet i Kairo er overfylt av gjenstandar; museet er ikkje så interessert i å få tilbake endå fleire mumiar frå samlingar

CT-skan av hovudet til den mumifiserte krokodillen.

CT-skan av hovudet til den mannlige mumien.

rundt omkring i verda. Men Rosetta-steinen ville dei nok gjerne ha; granittblokka med tre skriftsystem, egyptiske hieroglyfar, demotisk og gresk. Sidan den greske teksten var lett å tyda, blei tekstane på Rosetta-steinen nøkkelen til å forstå hieroglyfane. Det opna for studiar av primærkjelder frå oldtida i Egypt. Sidan 1802 har steinen vore på British Museum.

Nye gravfunn i Egypt aukar samlinga på Kairo museum. Nye funn i samlinga vår aukar kunnskapen vi får om det gamle Egypt. Teshemmin har aldri vore ute av kista si, så langt vi kjenner til. I alle fall oppdaga vi eit maleri og skriftteikn under mumien då vi vågde å løfta på ho for å sjå etter om det låg noko spennande i kista. Nye skrifter er spesielt spennande for egyptologar. Ikkje rart Pål Steiner og Richard Pierce, egyptologane våre, blei svært så oppglødde då vi oppdaga teikninga og teksten skjult under Teshemmin.

Internasjonalt har egyptologar følgt med på CT-skanninga og kva vi har oppdaga, og vi har internasjonale egyptologar med oss i det vidare arbeidet. Vi er ikkje ferdige med forskinga på den egyptiske samlinga ved Bergen museum. Om det er eit viktig arbeid, veit vi ikkje enno, men interessant er det, og interessa er stor frå andre enn oss på museet. Så kan vi vel òg spørja oss om kva som er viktig, og då viktig for kva. Egyptisk arkeologi har vore svært viktig for turismen i Egypt og dermed for økonomien for dagens Egypt. Norsk arkeologi har ikkje på same vis vore viktig for norsk turisme, men forståinga vår av fortid og av kven vi er, får påfyll gjennom arkeologiske oppdagingar.

Jobben til kassadamene og -mennene t.d. på Rimi er viktigare, for dei sørgjer for fordelinga av mat. Og mat er livsviktig. I Egypt hadde Teshemmin truleg ei slik rolle som dei på Rimi. Som prestedotter hadde ho truleg jobb i eit tempel, og det innebar at ei av oppgåvene hennar hadde å gjere med omfordeling av mat og andre varer folk trong.